

## **Utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken 2010-2014**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Arbeidet med ein ny utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken for 2010-2014 vert starta opp.
2. Ny plan vert lagt til endeleg vedtak innan utgangen av 2009.

### Prenta vedlegg:

### Uprenta vedlegg:

1. Utvikingsplan DKS 2004-2007
2. Kulturstrategien 2008-2011
3. St.meld. nr. 8 (2007-2008) "Kulturell skulesekk for framtida"

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

Den kulturelle skulesekken vart i 2001 vedteke som Stortinget si nasjonale satsing på kunst og kultur til barn og unge. Fylkeskommunane fekk ei samordnande rolle for midlane til regionale og lokale tiltak, og ansvaret for å utvikle tilbod til alle grunnskuleelevar i fylket med utgangspunkt i nasjonale mål og prinsipp. Det skulle skje i samarbeid med Fylkesmannen. Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan oppstarten i 2001 utvikla eit tilbod til alle grunnskulane i fylket. Arbeidet i fylket er utvikla gjennom utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken 2004-2007.

For å formalisere det regionale samarbeidet, er det etablert ei styringsgruppe der Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS og fylkeskommunen deltek. Fylkesmannen har og ei viktig rolle i samband med godkjenning av planar frå kommunane i høve lokale tiltak.

I 2007 vart fylket valt ut til å delta i eit pilotprosjekt for utviding av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande skule og vgo (lærlingane). Per dato deltek fire skular med elevar i vg2. I tillegg blir det gjeve tilbod til lærlingane. Utviding i samsvar med nasjonale føringar (3-års plan) har stansa opp på grunn av manglande fylkeskommunale ressursar. Arbeidet ut til vidaregåande opplæring er organisert med ei intern styringsgruppe oppnemnt av fylkesdirektør for opplæring og fylkesdirektør for kultur.

I 2007 kom ei ny stortingsmelding om utviklinga av Den kulturelle skulesekken, og i juni 2008 vedtok Fylkestinget *Kulturstrategi 2008-2011*.

I finansutvalet sitt forslag til budsjett 2009/økonomiplan 2009-2012 er plan for utvikling av Den kulturelle skulesekken teke inn som eit arbeid som skal utførast i 2009.

### **2. NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR FOR ARBEIDET**

St.meld.nr.8 (2007-2008) *Kulturell skulesekk for framtida* trekkjer opp perspektiva for utviklinga av Den kulturelle skulesekken framover. Sentralt i meldinga er målet om at alle barn og unge skal ha rett til profesjonelle kunst- og kulturopplevingar, og koplinga til læreplanverket. Kunnskapsløftet er namnet på den reforma som vart sett i verk i 2006 for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Målet er at alle elevane skal utvikle grunnleggjande dugleik og kompetanse til å kunne ta aktivt del i samfunnet. Kunnskapsløftet understrekar prinsippet om tilpassa opplæring, og legg auka vekt på læring. Kunst og kultur skal medverke til dette.

I *Kulturstrategi 2008-2011* er det i "Vegkart i kulturpolitikken" peika på eit sett verdiperspektiv, og det vert lagt til grunn at "- kultur som eigenverdi for det enkelte menneske og at arbeidet med å få til kulturell infrastruktur skal skje ut frå eit heilskapleg menneskesyn."

I dei prioriterte satsingsområda i kulturstrategien er det m.a. peika på "Kulturesekk" for alle aldersgrupper og miljø med auka bruk av profesjonelle krefter, og auka tilgang på nye nynorskspråklege kulturtilbod i samarbeid med institusjonar i og utanfor fylket.

### **3. MANDAT FOR PLANARBEIDET/PLANPROESSEN**

Målet med planprosessen og det endelege plandokumentet skal vere å gi inspirasjon for alle impliserte partar og vere tydeleg på forpliktingar som ligg hos dei ulike aktørane.

### 3.1 Avklaringar/avgrensingar:

Planprosessen skal nyttast til å utvikle felles forståing og forankring hos partane lokalt og regionalt i høve rammer for den kulturformidlinga som Den kulturelle skulesekken er, og prioriteringar som samsvarer med desse.

### 3.2 Forankring:

Planprosessen skal også utvikle retningslinjer for vidare arbeid og utvikling. Dei vala som blir tekne i høve vidare forankring, ansvarsdeling, fordeling av midlar, satsingsområde m.m., må ha naturlege koplingar til nasjonale føringar, fylkeskommunen sine egne planar og til regionale/lokale behov. Med forankring meiner vi her både lokal forankring, forankring i fylket og nasjonal forankring.

### 3.3 Innhald:

Den kulturelle skulesekken skal framheve profesjonell tilbod av høg kvalitet, og skal syne mangfald i kulturuttrykka slik som musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv.

### 3.4 Samarbeid:

Føringar for samarbeid mellom fylkeskommunen, fylkesmannen og skuleeigar (kommunane/fylkeskommunen) og skulane vil stå sentralt. Vidare vil føringar for samarbeid med tilbydarar vere viktig å få drøfta. Likeeins bør vektinga av fylkeskommunen si rolle som utviklar/produsent og tenesteytar drøftast.

### 3.5 Organisering/styring:

For å sikre god oppfølging og utvikling, må planprosessen drøfta og foreslå vidare organisering/styring av Den kulturelle skulesekken, t.d. om det framleis skal vere styringsgruppe knytt til dette arbeidet, referansegruppe, faggrupper, m.m. og kven som evt skal vere representert, mandat, m.m.

### 3.6 Den kulturelle skulesekken i grunnskule og vidaregåande opplæring:

Tilbodet til grunnskulen og vidaregåande opplæring vil vere knytt til Den kulturelle skulesekken som nasjonal ordning. I målarbeidet er det særleg viktig at det blir teke omsyn til dei nasjonale føringane som vektlegg at Den kulturelle skulesekken skal medverke til å realisere skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den generelle delen av læreplanverket og i dei ulike læreplanane. Samstundes blir det i St.meld. 8 understreka at "Opplevinga" skal stå i sentrum. (Pkt. 1.5, kap. 1.). Med andre ord må både kulturpolitiske og opplæringspolitiske mål liggje til grunn for ordninga (Pkt. 1.5, kap.3.). Det vil vere naturleg at nokre mål framhevar lokale og regionale føresetnader og eigenart.

Planprosessen er også eit godt høve til å utvikle mål for, og samhandling med kunstnarar, produksjonsmiljø og kulturinstitusjonar der desse kan bidra med sine ønskjer og idear.

Samarbeid med skuleeigarane, dvs kommunane og fylkeskommunen, vil også vere eit viktig område for drøfting. Skuleeigar sine tankar om ordninga må kome klårt fram, slik som arbeidet omkring lokale DKS-planer, kulturforum sin plass i det lokale DKS-arbeidet, kulturvertar, m.m.

I saman med hovudutval for opplæring er det særleg viktig å avklare utvikling/ opptrapping av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring vil vere ein nøkkel i dette arbeidet.

### 3.7 Andre grupper:

Planprosessen er også eit godt høve til å drøfte og gje føringar for fylkeskommunen si rolle i eit planmessig formidlingsarbeid til andre grupper, som rettleiar, igongsetjar, samordnar og tilbydar når det gjeld utvikling av tilbod til t.d. barnehagar, eldre og grupper med særlege behov.

## **4. FORVALTNINGSREFORMA**

Det konkrete arbeidet som her er omtalt ligg i hovudsak utanfor det forvaltningsreforma omhandlar. Det vil likevel vere relevant å sjå utviklinga av Den kulturelle skulesekken inn mot dei endringsprosessar som forvaltningsreforma vil medføre. Dette gjeld m.a. utviklinga av det regionalpolitiske handlingsrom, og evt krav/forventningar til staten.

## **5. ORGANISERING AV PLANARBEIDET**

Hovudutval for kultur er politisk styringsgruppe for arbeidet med planen.

Fylkesdirektøren tek i vare rolla som prosessleiar og sekretariat for arbeidet.

Dei etablerte styringsgruppene for Den kulturelle skulesekken er referansegruppe for planarbeidet. Her er Fylkesmannen, Høgskulen, KS og fylkeskommunen representert. Referansegruppene kan knyte til seg andre instansar etter behov i planprosessen.

Ein viktig del av arbeidet med utviklingsplanen vert å leggje til rette for god involvering av regionale og nasjonale aktørar på dei ulike stadium i prosessen ved at utkast til utviklingsplan vert sendt på høyring, og gjennom høyringskonferansar.

## **6. FRAMDRIFTSPLAN**

Fylkesdirektøren legg opp til følgjande framdrift når det gjeld dette planarbeidet:

Handsaming i hovudutval kultur	25.11.08
Brev ut til kommunane med oppmoding om innspel til høyringsutkast	01.12.08
Høyringsutkast til handsaming i hovudutval for kultur	april 09
Høyringsperiode	april – august 09
Bearbeiding av plan	sept/okt 2009
Plan til politisk handsaming i hovudutval for kultur	nov. 09
Fylkestinget	des. 09

## **7. KONKLUSJON**

Fylkesdirektøren rår til at arbeidet med utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken for 2010-2014 vert starta opp og gjennomført i tråd med drøftinga i saka. Ferdig plan vert lagt fram til politisk handsaming innan utgangen av 2009.

